



Alt til neste år kan det bli oppstart av Områdeplan i Uskedalen. Arealbruk i sentrum vil vera ein sentral del av planen.

I kveld, tysdag 22. oktober, vert det ope møte i Gamleskulen kl. 19.00. Tema er Kvinnherad 2050 og Uskedalen i framtida. Avdeling for samfunnsutvikling i Kvinnherad kommune vert med på møte. Alle innspel og merknader vert registrert og lagt til grunn for Uskedalen sine ynskje i den nye Kommuneplanen. Kom og ver med og sei noko om samfunnsutviklinga i Kvinnherad og i Uskedalen.

Samfunnsplanleggjarane Hildegunn Furdal og Harald Maaland vert med på møte. Etter ei innleiing vert det gruppearbeid og drøftingar. Kommuneplanen handlar både om ein samfunnsdel og ein arealdel. Alt i 2020 er det snakk om oppstart av ein områdeplan/ sentrumsplan i Uskedalen, slik det vert gjort i Rosendal og Sunde.

Alle desse planane legg opp til ein omfattande medverknadsprosess og det er høve til å koma med innspel og merknader i dei ulike fasane av planarbeidet.



Planprogrammet for ny Kommuneplan, samfunnsdel og arealdel.

Tre grupper i Uskedalen har alt arbeidd med Kvinnherad 2050 gjennom den nye arbeidsforma Gjestebod. På møte i kveld vert det det orientert om dette arbeidet.

Aktuelle tema for drøftingane i kveld, kan vera:

- Næringsutvikling

- Trafikksikring med mellom anna gang/sykkelveg til Steinsletto
- Den attraktive bygda
- Turisme/friluftsliv/ fjellklatring/natur og strandsona
- Seniorpolitikk
- Folkehelse
- Klima
- Folketalsauke
- Bustad
- Arealbruk

Ikkje sit heime i kveld, men kom på møte. No er det Uskedalen sin tur.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Arealbruk er ein viktig del av all samfunnsplanlegging. Bilete er frå godkjend reguleringsplan for Ospelunden.